



Bygg Team Vest AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2990 - 17/411

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
23.01.2017

Godkjenning- Søknad om løyve til oppføring av tilbygg, GBNR 54/11

Administrativt vedtak. Saknr: 08/2017

Tiltakshavar: Kari S. Mjelde
Ansvarleg søkjar: Byggteam Vest AS v/Daniel Reknes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Omsøkt tiltak:

Ved søknad journalført 20.12.2016 har Byggteam Vest v/Daniel Reknes på vegne av tiltakshavar Kari S. Mjelde søkt om løyve til oppføring av tilbygg til våningshuset på gbnr 54/11 i Meland kommune. Tilbygget er omsøkt med bebyggd areal (BYA) opplyst til 61 m², og bruksareal (BRA) opplyst til å vera 103 m².

Eksisterande våningshus er i matrikkelen opplyst med eit BRA på 119 m². Søknaden opplyser at eksisterande BYA er 87 m², av dei skal 9 m² rivast og samla BRA på heile bygget vil då bli 216 m². Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 20.12.2016 og tilleggsdokumentasjon journalført motteke 17.1.2017.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket ble nabovarsla i perioden 25.10 – 27.10.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje motteke merknader til gjennomført varsling.

Lov- og plangrunnlag:

Eigedommen er ein landbrukseigedom, og ligg som landbruk-, natur og friluftsmål (LNF). Tiltaket er tilbygg til våningshus og krev ikkje dispensasjon frå LNF-formålet.

Plassering, høgd, utnyttingsgrad, parkering og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 20.12.2016. Slik tiltaket er skildra gjennom søknaden med vedlagt dokumentasjon, legg administrasjonen til grunn at tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4 i høve til plassering og avstand frå nabogrense.

Utforming, planløsning, funksjon og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløsning og utsjånad og vert elles vurdert til å vere i samsvar med krava til utforming og visuelle kvalitetar i pbl §§ 29-1 og 29-2, jf vedlagte plan- og fasadeteikningar journalført motteke 20.12.2016 17.1.2017.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett 11.1.2017, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl §§ 20-1 og 20-3 løyve til tilbygg på 61 m² BYA og 103 m² BRA til våningshus på gbnr 54/11 i Meland kommune. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak GBNR 54/11

Innvendige teikningar

Kart og teikningar

Utvendige teikningar

Ansvarsrett, samsvarserklæring, gjennomføringsplan

Mottakere:

Bygg Team Vest AS

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ